

Vedtekter for tildeling av kulturminnevernmidlar.

Målsetjing.

Kulturminnevernmidlane skal vera eit aktivt tiltak for å ta vare på og sikra det lokale kulturminnevernet. Det skal og vera med å skapa interesse for slikt arbeid i bygda.

Prioritering.

Kulturminnevernplanen er retningsgjevande for tildeling av midlar og det vert prioritert ut frå følgjande punkt:

- at størst mogleg breidd av kulturminne vert representert.
- sjeldne kulturminnet må sikrast.
- om kulturminnet er særprega for Modalen.
- om kulturminnet er utsett og i ferd med å bli borte.
- om kulturminnet har pedagogisk verdi.
- at kulturminnet kan få ein funksjon, verdiskaping, etter restaureringa.

Kulturminnevernplanen for Modalen bør reviderast med jamne mellomrom. Modalen kommune står fritt i si vurdering av storleik på tilskot. Verneverdige kulturminne utan bruksverdi for eigar, td. markalører og kvernhus, bør tildelast høgare tilskot enn kulturminne som har bruksverdi.

Føresetnad for tilskot.

Modalen kommune gjev tilskot til restaurering under føresetnad av at det opphavlege som knyter seg til kulturminnet, ikkje vert vesentleg endra ved restaureringa. Det er ein føresetnad for tilskot at eigar/brukar yter ein eigendel. Modalen kommune kan i særlege høve vika frå kravet om eigendel. Modalen kommune kan gje rettleiing til eller koma med merknader til restaureringa i kvart einskilde tilfelle. Dersom det er vesentlege endringar skal Modalen kommune godkjenna planane.

Kven kan få tilskot?

Modalen kommune gjev tilskot til restaurering av kulturminne og kulturmiljø som ligg innanfor Modalen kommune sine grenser. Eigar eller brukar av desse kulturminna kan søkje om kulturminnevernmidlar. Når brukaren søker om midlar skal eigaren godkjenna søknaden. Modalen kommune bør og gå aktivt ut til eigarar/brukarar for å få i stand eit samarbeid om opplegg for restaureringa.

Saksgang.

Søknaden skal sendast til kulturkontoret i Modalen. Den skal innehalde kostnadsoverslag og framdriftsplan for restaureringa

Innanfor den budsjettposten som Modalen kommune disponerer til kulturminnevern står Modalen kommune fritt til å fastsetje storleik på tilskot til dei einskilde tiltaka.

Når Modalen kommune gjev tilskot skal det lagast ein avtale mellom tilskotsmottakar og Modalen kommune om restaureringa av kulturminnet

Utbetaling.

Utbetaling av tilskot vert føreteke etter rekning.

Etterarbeid.

Det bør utarbeidast ein rapport om gjennomføringa av restaureringa for å vurdera kva røynsler ein har gjort seg i samband med arbeidet

Det bør og utarbeidast framlegg til eventuelt framtidig bruk av kulturminnet, og korleis det eventuelt kan koma inn i ein oversikt over ivaretakne kulturminne i Modalen.


MODALEN KOMMUNE
SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	11.05.2010	014/10	KNA

Sakshandsamar Rådmannen ved Kristin Nåmdal	Arkiv: N- Objekt:	Arkivsaknr 10/203
---	----------------------	----------------------

RAPPORT FOR BRUK AV KULTURMINNEVERNMIDLAR-REVIDERING AV RETNINGSLINER FOR TILSKOT

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rapporten for tildeling av kulturminnevernmidlar med retningsliner for tildeling av kulturminner vert godkjent slik den ligg føre.